



Lars Johan Myklebust til ny spennande jobb i Viking. Her saman med Yngve Myhre på kunstgrasbanen.

Lars Johan Myklebust (37 år) er klar for ny jobb i fotballklubben Viking i Stavanger. Han vert leiar for Viking sitt nye samarbeidsprosjekt med å løfta fotballen i regionen. Målgruppa er nye trenarar for samarbeidsklubbane rundt Viking. Lars Johan har i ein to års periode vore med i drifta av eit fotballakademi i Dubai Sports City, mellom anna opp mot 1500 elevar.

Lars Johan Myklebust fortel til Grenda at han gler seg til å koma heim og i ny jobb knytta opp til fotballen. Det heile startar med med å utvikla grasrottrenarar tenkt for fotballag i aldersbestemte klassar, særleg for lag med spelarar i alderen 7 - 9 år. Seinare vert det nye spennande oppgåver i Viking.

Fotballklubben Viking er ein stor klubb med mange tilbod. Viking jobbar bevisst rekruttering og utvikling. Klubben er ein av dei beste i landet på dette område. Nivået er bra og potensialet er stort.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Arkivfoto: Thor Inge Døssland